

# Høyringsssvar



Norsk Studentunion  
-stifta 1936 -

Storgata 19, 0184 Oslo  
Tlf: 22044950  
Fax: 22244247  
E-mail: [nsu@nsu.no](mailto:nsu@nsu.no)  
Web: [www.nsu.no](http://www.nsu.no)

---

## Høyringsssvar til ”Høring – Forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 2010-2011”

**Høyringsssvar frå  
Norsk Studentunion**

---



Norsk Studentunion  
-stifta 1936 -

# Høyringsssvar

Storgata 19, 0184 Oslo  
Tlf: 22044950  
Fax: 22244247  
E-mail: [nsu@nsu.no](mailto:nsu@nsu.no)  
Web: [www.nsu.no](http://www.nsu.no)

**Norsk Studentunion (NSU) takkar for høvet til å uttale seg. NSU sitt Landstyremøte har 29.11.2009 vedteke følgjande høyringsssvar:**

NSU er samde i endringane Kunnskapsdepartementet foreslår, men vil gjerne komme med nokre merknader.

NSU er positive til at det i § 43-2 vert foreslått å heve aldersgrensa for rett til sjukestipend ved sjukdom hos egne born, då dette er i tråd med tidlegare innspel frå NSU.

NSU er særns nøgde med at det endeleg kjem ei bedring av studiestøtteordninga til kvotestudentar, og støtter dimed forslaget til ny § 50-2 og tilhøyrande paragrafar.

NSU støtter óg endringa i § 41-1 om tilskot til reiser, men ønskjer at antall tur-retur-reiser i året økast til tre. NSU meiner vidare at reisestipendet ikkje skal behovprøvast mot alder.

NSU har elles ingen merknader.